
Fra: Magni Håland Dyrøy <magni@magni.no>
Sendt: 10. september 2015 21:42
Til: Berit M Eskeland
Kopi: magni@magni.no
Emne: Trafikksikring ved gangveg mot ungdomsskulen i Grønlandsfeltet

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei.

For eit par dager sidan opplevde eg ein svært skummel situasjon når eg kom gåande i Grønland frå Havnevegen. Då eg nærma meg krysset der Grønland tek inn til høgre, Grønlandsvegen fortset rett fram og det går ein grusveg ned mot ungdomsskulen (sjå vedlagt kart), kom det tre syklistar i svært høg fart ut frå Grønland, køyrde rett over vegen og ned grusvegen. Dette kunne vore svært farleg både for dei sjølve om det hadde kome ein bil, og ikkje minst for andre, og då særleg små born viss dei hadde kome gåande eller syklande langs vegen.

Eg vil difor rette fram ynskje om bom i enden av grusvegen ved Grønlandsvegen, slik at syklistar må sakke ned og køyre mellom to bomdeler slik ein har m.a. ved gangvegen inn til Mjåtveitmarka ved Esso-stasjonen. Håper dette er noko de kan ta med i neste trafikksikringsplan.

Mvh
Magni Håland Dyrøy
Mob. 98 40 27 61

